

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - A22, TI - &00	17/287

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2017	Formannskapet	PS	12.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Revisjon av vedtekter SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frå 1. januar 2018 vert satsane for ekstra timar i SFO auka frå kr 25 til kr 50 kr time for born som har plass i SFO og frå 35 til kr 75 pr time for dei som ikkje har plass. Frå same dato vert det innført kr 100 pr. barn pr. mnd i betaling for måltid i SFO.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta/ Vurdering

Vedtektene for SFO vart sist endra i kommunestyresak 12/2017 i møtet 4. mai d.å. Då vart reglane for søskenmoderasjon førte inn i vedtektene. Rektorane har no kome med ynskje om at betaling for ekstra dagar og timar òg må endrast. Det same bør betaling for måltid for dei som brukar onsdagen i SFO.

I dag er det ikkje betaling for mat i SFO, sjølv om borna som er der om onsdagane får eit måltid. Det vil ikkje vera urimeleg at foreldra betalar for dette måltidet. Maten vert no dekkja over SFO sitt budsjett. Framlegget frå rektorane er 100 kr pr. barn pr.mnd, slik at ein får dekkja det måltidet kostar.

Foreldre kan søkja om ekstra timar til barna sine i SFO viss dei ein dag har bruk for ein eller fleire timar meir enn det dei har fått tildelt i utgangspunktet. Prisen for slike ekstratimar er no kr 25 pr time for dei som har plass i SFO (til andre tider) og kr 35 pr time for dei som i utgangspunktet ikkje har plass i SFO. Desse satsane har ikkje vore endra på 10-15 år. Rektorane går no inn for at satsane blir auka til kr 50 pr. time for dei som har plass og kr 75 for dei som ikkje til vanleg har plass i SFO. Rådmannen støttar framlegget frå rektorane.

Høyring

Saka har ikkje vore på høyring.

Konklusjon

Rådmannen går inn for at kommunestyret godkjenner endringane i foreldrebetaling i SFO slik det går

fram av saksutgreiinga.

Formannskapet - 071/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.
Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Frå 1. januar 2018 vert satsane for ekstra timar i SFO auka frå kr 25 til kr 50 kr time for born som har plass i SFO og frå 35 til kr 75 pr time for dei som ikkje har plass. Frå same dato vert det innført kr 100 pr. barn pr. mnd i betaling for måltid i SFO.